

# Strategi for omstilling innanfor petroleumsindustrien i Hordaland

Vedtatt av Omstillingsutvalet 18.desember 2015



# Omstillingsutvalet



Anne Gine Hestetun  
Fylkesordfører



Anne Kverneland Boggsnes  
Fylkesdirektør NAV



Nina Broch Mathisen  
Fylkesdirektør IN



Astrid Aarhus Byrknes  
Ordfører Lindås



Tom Christer Nilsen  
Fylkesutvalet



Kurt Andreassen  
Direktør CCB Ågotnes



Stian Nyhus  
LeiarNITO Hordaland



Roar Abrahamsen  
Leiar Felleforbundet, avd 5



Lars Solberg  
Direktør Apply Leirvik

# Innhald

Omstillingsutvalet .....	1
1 Bakgrunn.....	3
1.1 Mandat for omstillingsutvalet .....	3
1.2 Formål og bruk av verkemiddel .....	3
1.3 Samarbeid.....	4
2 Strategiske innsatsområde med særskilt fokus på kompetanse .....	5
2.1 Konkurransetilhøve og sosial dumping.....	6
3 Aktuelle tiltak knytt til dei strategiske innsatsområda .....	6
3.1 Undervisning og etterutdanning.....	6
3.2 Omstillingsbehov for bedrifter .....	7
3.3 Større omleggingar og innskrenkingar ved hjørnesteinsbedrifter .....	7
3.4 Felles tiltak knytt til rammevilkåra .....	8
4 Oppfølging og vidare arbeid .....	8
5 Kontaktinformasjon og lenkjer .....	8

# 1. Bakgrunn

Den vanskelege situasjonen i petroleumsnæringa har skapt behov for samordna regional innsats for å jobbe med problemstillingar knytt til utfordringane for leverandørindustrien i denne næringa. Sektoren er prega av strukturelle problem med eit kostnadsnivå som ikkje er berekraftig på lang sikt, og fallet i oljeprisen har forsterka desse problema. Utgangspunktet er at det ikkje vil hjelpa særleg å berre sitte stille og vente på at oljeprisen igjen vil stige til eit akseptabelt nivå, og så håpe at problema løyser seg sjølve. Skal leverandørindustrien ha ei god framtid, må dei strukturelle problema løysast med omstilling, innovasjon og nyska-

ping. Ansvar for dette ligg primært hos næringsutøvarane, men myndigheiter, nasjonalt og regionalt, kan medverke ved å gjere noko med rammetilhøva for denne industrien, og ved å stimulere og støtte konkrete tiltak og prosjekt.

Med bakgrunn i dette vedtok Hordaland fylkesutval 18. juni 2015 å setje av fem millionar kroner øyremerkt til omstilling i petroleumssektoren. Samstundes vart det oppnemnd eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen.

## 1.1 Mandat for omstillingsutvalet

Mandatet til omstillingsutvalet er å utarbeide ein strategi med prioriterte innsatsområde, basert på innspel frå næringsliv, arbeidstakarorganisasjonar, verkemiddelapparat og politisk miljø. Strategien skal vere grunnlag for det administrative arbeidet som skal leggje til rette for at det vert gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga knytt til leverandørindustrien.

Fylkesutvalet har bedt omstillingsutvalet om å arbeide vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i heile olje- og gassindustrien. Dette inneber også at utvalet skal ta kontakt med sentrale styresmakter, og arbeide saman med desse, for å styrke verkemiddelapparatet,

og for at oljeselskapa gjennomfører investeringsprosjekt som blir utsett. Fylkesutvalet har også gitt føringar på at midlane i størst mogleg grad rettast mot fornybar teknologi og fornybar satsing. Dette vil gjelde der kor midlane blir nytta til bedriftsretta tiltak.

Når det gjeld varigheit av arbeidet er det i fyrste omgang lagt opp til at utvalet skal arbeide ut 2016. Etter dette blir det gjort ei vurdering av arbeidsform og oppnådde resultat før ein avgjer om, og i tilfelle korleis, arbeidet skal vidareførast.

## 1.2 Formål og bruk av verkemiddel

Omstillingsutvalet har som oppgåve å handtere konsekvensane av auka arbeidsløyse som fylgje av nedbemanning og oppseiingar i petroleumssektoren, styrkje og vidareutvikle bedrifter innan sektoren og bidra til lønsame og varige bedrifter og arbeidsplassar. Strategien for

å oppnå dette er å prioritere målretta tiltak knytt til dei fem millionar kronene som aktørar knytt til petroleumsindustrien kan søkje på. Midlane skal kunne nyttast som utløysande delfinansiering av konkrete tiltak og prosjekt knytt til kompetanseheving, omstilling, innova-

sjon og nyskaping. Strategien sett fokus på viktige rammevilkår som det skal arbeidast vidare med.


Midlane vil bli forvalta av Hordaland fylkeskommune, og søknader om midlar sendast på vanleg måte gjennom fylkeskommunen sitt

søknadssystem. Strategien gir rammene for kva type tiltak som skal prioriterast. I særskilte tilfelle kan det vere aktuelt å konsultere styringsgruppa kring ein skilde søknader. Det er eit mål å prioritere tiltak og prosjekt som kan settast i verk raskt.

## 1.3 Samarbeid

I gjennomføringa av strategien er det viktig med samordna innsats innan dei prioriterte innsatsområda. Måla skal nåast ved utvikling av ei mest mogeleg koordinert og effektiv forvaltning av dei offentlege ressursane retta mot

næringsutvikling, arbeidsmarknad og utdanning i Hordaland. Sentrale aktørar for å få god forankring i verkemiddelbruken er Innovasjon Noreg Hordaland, NAV Hordaland, partane i arbeidslivet og Hordaland fylkeskommune.



## 2. Strategiske innsatsområde med særskilt fokus på kompetanse

Med utgangspunkt i dei innspela som er kome frå ulike hald, er følgjande strategiske innsatsområde peika ut for å målretta bruken av midlane:

- Kompetanseheving for arbeidstakarar som skal/vil omstillast
- Omstilling og endringsarbeid i bedrifter
- Større omleggingar og innskrenkingar ved hjørnesteinsbedrifter
- Nasjonale tiltak - påverkingsarbeid

«Kompetanseheving for arbeidstakarar som skal/vil omstillast» er det strategiske innsatsområdet som har høgast prioritet. Bakgrunnen for dette er signala om fleire år med lågare aktivitet i norsk petroleumsindustri som følgje av redusert aktivitet på norsk sokkel. Eit godt samarbeid mellom arbeidsgivarar- og arbeidstakarorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar, NAV, IN, kommunar og fylkeskommunen, vil letta overgangen frå oljerelatert kompetanse til kompetanse som det er etterspørsel etter i andre sektorar og bransjar, inkludert offentleg sektor. Målet er å sikre at verdifull kompetanse ikkje flyttar ut av dei sterkast ramma regionane, å sikre fortsatt rekruttering og stimulera til meir innovasjon i sektoren. Kompetanse- og erfaringsoverføring mellom ulike bransjar kan også gje grunnlag for ny og framtidig teknologiutvikling som er meir miljøvenleg.

I samband med «Omstilling og endringsarbeid i bedrifter» er det naturleg at kompetansen og verkemidlane til IN vert trekt inn. Desse midlane kan til dømes brukast til kompetanseheving eller strategiarbeid, eller til omstilling av leverandørbedriftene i bransjen. Det er viktig at bruk av verkemidlar til direkte og indirekte bedriftsstøtte blir sett i samanheng med aktuelle verkemiddel i regi av IN. Omstillingsmidlar kan nyttast til høgt prioriterte prosjekt og tiltak kor IN ikkje har egna virkemiddel.

Når det gjeld «Større omleggingar og innskrenkingar ved hjørnesteinsbedrifter» har NAV ei sentral rolle i første fase. I den samanhengen er det frå sentralt hald signalisert at NAV skal få større lokal handlefridom til å tilpassa tenester og verkemiddel til brukarane sine behov. Det er eit poeng at verkemidla til NAV skal sjåast i samanheng og koordinerast på best mogleg måte for bedrifter og tilsette. Dersom det er behov kan midlar frå omstillingsutvalet brukast for å leggja til rette for dette.

Samstundes er det i Statsbudsjettet for 2016 løfta fram ein særskilt tiltakspakke for økt sysselsetting på i alt fire mrd. kroner til dei som mister jobben i næringar og fylker som vert sterkast råka av låg oljepris. Tiltaka i denne pakken er mellombelse og innretta slik at dei lett kan reverserast.



Arbeidet med «*Felles tiltak knytt til rammevilkåra*» vil primært vere ei påverkings-oppgåve for regionalt politisk nivå, eventuelt i samarbeid med aktuelle kommunar. Betre rammevilkår er også eit sentralt tema for arbeidstakar- og ar-

beidsgivarorganisasjonane. Omstillingsutvalet ynskjer difor dialog og innspel om rammevilkåra, men vil ikkje setje av økonomiske midlar til dette innsatsområdet.

## 2.1 Konkurransetilhøve og sosial dumping

Norsk petroleumsindustri er leiande internasjonalt, og det er difor viktig at norske verksemder har like gode konkurransevilkår som utanlandske verksemder. I nedgangstider med press på kostnader i ein internasjonal bransje er utfordringane knytt til sosial dumping eit aukande problem. Sosial dumping har store sosiale og økonomiske ringverknader, der dei

som driv seriøst tapar. Offentleg sektor spelar ei viktig rolle i arbeidet for eit seriøst arbeidsliv, både som premissleverandør, i kraft av å vere ein part i næringslivet og når det gjeld bruken av verkemiddel knytt til næringslivet. Omstillingsutvalet vil at omsynet til dette skal vere førande for arbeidet som skal gjerast.

## 3. Aktuelle tiltak knytt til dei strategiske innsatsområda

Det er viktig at midlane blir nytta smart og målretta der kor dei har best effekt. Samstundes er det viktig at midlane blir nytta både på prosjekt som er individretta, og prosjekt som er bedriftsretta. Det er også opna for at nokre av midlane kan nyttast på tiltak i bedrifter. Det siste vil å så fall gjelde spesielle, mindre tiltak som ikkje kan finansierast gjennom dei ordi-

nære midlane som IN rår over, men som likevel blir vurdert som særleg viktige for den eller dei bedriftene det gjeld, og lokalsamfunna der desse bedriftene ligg. Tiltak knytt til dei prioriterte innsatsområda er difor gruppert etter tiltak på kort sikt som kan setjast i gang raskt, og tiltak på mellomlang sikt som det vil tak noko lengre tid å setje i verk.

### 3.1 Undervisning og etterutdanning

#### Tiltak på kort sikt:

- Bedriftsintern opplæring (BIO) via NAV: Støtte til verksemder som tilbyr tilsette omskolering og ny fagspesifikk kompetanse.
- Andre kortsiktige bedriftsinterne utdanningstiltak.

#### Tiltak på mellomlang sikt:

- Korte kompetanseløp for ingeniørar. Dette vil letta overgangen frå oljerelatert kompetanse til kompetanse som det er etterspørsel etter.
- Realfagslærløft for ingeniørar som har lyst til å bli realfagslærar, men vert hindra av manglande pedagogisk utdanning eller matematikkurs.

## 3.2 Omstillingsbehov for bedrifter

### Tiltak på kort sikt:

- Samarbeid mellom bedrifter for å få til betre utnytting av kapasitet, utstyr og ressurser.
- Fellestiltak retta mot nye marknader i olje- og gassektoren nasjonalt og internasjonalt.
- Mentor-ordning.

### Tiltak på mellomlang sikt:

- Økonomiske incitament for å sikre samarbeid mellom bedrift og universitet/høgskule.
- Meir innovasjon i offentlege innkjøp, og bruk av offentlig innkjøpsmakt.

## 3.3 Større omleggingar og innskrenkingar ved hjørne- steinsbedrifter

### Tiltak på kort sikt:

- Alle oppsagte som ynskjer det, får introduksjonskurs i entreprenørskap
- Etablere lavterskel møteplassar med ide-dugnad og ide-bank for dei som er oppsagt
- Jobbmesser for fagarbeidarar/ingeniørar. Dialogmøter mellom næring, høgskule og universitet.

### Tiltak på mellomlang sikt:

- Kartlegge situasjonen for lærlingar, og finna verksemder til dei som ikkje har lærlingplass.
- Sette i verk tiltak for å behalda lærlingplassar.
- Opprette VG3-tilbod til lærlingar som ikkje får lærlingplass.





## 3.4 Felles tiltak knytt til rammevilkåra

### Nasjonale tiltak:

- Støtteordningar til ny energi- og klimateknologi i industrien må styrkjast.
- Betre vilkår for bedriftsintern opplæring (BIO), både for den enkelte, bedrifta og samfunnet.
- Forenkling og standardisering av forelda dokumentasjonskrav.
- Styrke tilsyn og kontrollapparat med ein tiltakspakke for å motverke sosial dumping og svart arbeid
- Forsert offentleg bygge- og anleggsaktivitet.
- Unngå stans og utsettingar av ordinære vedlikehaldsoppdrag i oljebransjen.
- Setja i gang miljøvenleg utskifting av ferjeflåten, og framskunda bygging av nye kystvaktskip.
- Utnytte trepartssamarbeidet mellom regjeringa, arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane til å finne gode løysingar på omstillingsutfordringane.
- Betra regelverket til NAV slik at arbeidstakarar som studerer ved sida av jobb, og som blir permittert/opsagt, har rett på dagpengar sjølv om dei fullfører studiet. Myke opp regelverket for at arbeidsledige kan gjennomføre etter- og vidareutdanning for å kvalifisere seg til jobbar i andre sektorar samstundes som dei er jobbsøkarar.

## 4. Oppfølging og vidare arbeid

Det er eit mål å prioritere tiltak og prosjekt som kan settast i verk raskt. Dette er midlar som er løyvd for 2015. Sjølv om dei er overførbare til neste år bør midlane setjast i arbeid gjennom ulike prosjekt og tiltak så raskt som mogleg.

Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast innan utgangen av 2016 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.

## 5. Kontaktinformasjon og lenkjer

For ytterlegare informasjon, sjå <http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Naring/Tilskot-til-omstilling-innanfor-petroleumsindustrien/>.

Kontaktpersonar i Hordaland fylkeskommune:

[Arthur.Kristian.Arnese@hfk.no](mailto:Arthur.Kristian.Arnese@hfk.no), tlf. 97 09 30 86  
[Hans.Inge.Gloppen@hfk.no](mailto:Hans.Inge.Gloppen@hfk.no), tlf. 97 41 40 40  
[Karina.Garnes.Reigstad@hfk.no](mailto:Karina.Garnes.Reigstad@hfk.no), tlf. 40 90 61 25

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)